



Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dato: 17.06.2014
Vår ref.: 2014/843-15
Saksbehandlar: Bjørg Larsen
Dykkar ref.:

Søknad om tilskot til utviklingsarbeid i Hordaland fylkeskommune haust 2014 og vår 2015

Hordaland fylkeskommune søker med dette om kr 50 000,- i tilskot til utviklingsarbeid haust 2014 og vår 2015. Tilskotet vert brukt til:

Dialogkonferansen vert arrangert i Kvinnherad kommune 2. og 3. september 2014. Målet er fagleg oppdatering, nettverksbygging og motivering til vidare arbeid med tilrettelegging for fysisk aktivitet. Tilsette med ansvar for idrett og friluftsliv og planleggarar i kommunane er primær målgruppe. Representantar frå 2 kommunar har delteke i programplanlegginga for å få eit best mogleg program i høve til dei utfordringane kommunane står ovafor innanfor fagfeltet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Aktivitets- og anleggsutvikling er ein raud tråd i programmet, der spelemidlar (inkl www.idrettsanlegg.no) i tillegg til synfaring av ulike anlegg har ein sentral plass. Førebels program er vedlagt. **Kostnad om lag kr 100 000,-.**

Fylkeskonferansen for kultur og idrett vert arrangert 11. og 12. november i Norheimsund. Seminardelen om idrett og friluftsliv vert arrangert i samarbeid med Bergen kommune, Hordaland Idrettskrets, Bergen og Omland Friluftsråd og Bergen og Hordaland Turlag. Målgruppa for konferansen er fylkes- og kommune- politikarar, tilsette med ansvar for idrett og friluftsliv, folkehelse og planleggarar i kommunane og leiarar i idretts- og friluftsansisasjonar på alle nivå. Det er forventa 100 deltagarar. Endelig program er klart medio september. **Kostnad om lag kr 50 000,-**

Det vert tilrettelagt for opne dagar i fylkesbygget der kommunar kan ta med søknader og arbeide med dei direkte i publikumsportalen idrettsanlegg.no under rettleiing frå fylkeskommunen. Etter ønskje frå kommunane kan fylkeskommunen bidra med kursleiarar på interne og eksterne kurs med søknadsprosedyrar på idrettsanlegg.no, for ei breiare deltagargruppe. Alle kompetansetilbod knytt til idrettsanlegg.no er gratis. Deltakarane dekkjer reise sjølve. **Kostnad om lag kr 10 000,-**

Britt Karen Spjeld
Leiar

Bjørg Larsen
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.